

KYRKJEBLAD

52. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD


Nr. 2/98

FINE VISITASDAGAR

Visitadagane 3. - 8. mars vart ei fin oppleving for alle som var med.

Minikoret, biletet til høgre, under leiing av Anne Lise Vaksdal var mellom dei som sytte for song til biskopen. Med sin fine song smelta dei hjarta til både biskop Ole D. Hagesæther og kona hans Else Liv.

Meir om det som skjedde på visitasen finn de på sidene frå 3 til 9.



LES I DETTE NR.

1. påskedag vert det i år skipa til felles gudsteneste for Dale og Vaksdal på Vaksdal.

Les om det side 10

Stein Mydske i Det Norske Bibelselskap har skrive andakt.

Den finn de på side 11

På side 12 finn kan de sjå frå utdelinga av «Godt nytt» på Nesheim i februar

Eidsland kapell har fått ny altarduk, den finn de bilete av side 12

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan
29. april 1998.
Bladet kjem ut i veke 22 som byrjar
med 25. mai.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for
samtale.

Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5280 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20

**Kontortid: Tysdag og torsdag kl.
09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30**

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjevevjer Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar:
Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
Kasserar:
Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.

**Endring i
opningstider ved
kyrkjekontoret**

Grunna at det kvar onsdag er
stabsmøte ved kyrkjekontoret,
vert opningstida for onsdagar
endra til **kl. 10.30 - 13.30.**

**Vaksdal
kyrkjelege
fellesråd**

Kunngjering av forskrift,
«Vedtekter for kyrkjegardane i
Vaksdal kommune»

I Samsvar med lov av 7. juni
1993 nr. 32 om kyrkjegardar,
kremasjon og gravferder (Grav-
ferdslova) §§ 2, 4, 21, 25 og 26,
og Forskrifter til Gravferdslova
er det i Vaksdal kyrkjelege fel-
lesråd utarbeidd nye vedtekter
for kyrkjegardane i Vaksdal
kommune. Dei inneheld mellom
anna reglar om kyrkjegards til-
hørsle, fredningstid, festetid,
gravminner og gravstell.

Vedtektene kan ein få på kyr-
kjekontoret for Vaksdal preste-
gjeld, Vaksdal kommune sitt
kundetorg i Heradshuset eller
hjá kyrkjevevjerja i Vaksdal.

Vedtektene gjeld frå 1.04.98.

KYRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje

biletstoff både i svart/kvit og i

fargar og er til sals for:

**kr. 150,-
hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.
Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam.
Tlf. 56 59 61 20**

RETTING

Då me i kyrkjeblad nr. 1 1998
hadde med dei som var tilsette i
kyrkja hadde me diverre gløymt eit
namn, det er **Thor Andersen**. Han
er kyrkjegardsarbeidar i Eksinge-
dalen kyrkje.

Me seier oss leie for utegløy-
minga.

**TAKK**

til alle de som på ulikt vis har
bidratt til å gjera bispevisitasen
til ei fin og stor hending i
kyrkjelydane våre

Helsing
Vaksdal Kyrkjeleg Fellesråd

-Me har blitt litt glad i denne biskopen vår-

Frå tysdag 3. til søndag 8. mars var biskop Ole D. Hagesæther på visitas i Vaksdal prestegjeld. På sidene utover vil de finna både bilete og stoff frå desse dagane.




Vaksdal

Det heile tok til med skulegudsteneste i Vaksdal kyrkje der kapellan Bård-Egil Dyrhol også var med. Mange, både barn og vaksne, hadde funne vegen til Vaksdal kyrkje denne føremiddagen. Ein tiåring sa etter gudstenesta at han var ein kuul, stilig og snill biskop.

-Det var ei fin gudsteneste og ein fin start på visitasen. At me på denne måten fekk ein fin start roa nervene for det som skulle skje resten av veka, seier Dyrhol.

På biletet, øverst til høgre, ser med biskop Hagesæther saman med nokre dei som var på gudstenesta.

Foto: Linda Lien, VP.



Andakt

Etter gudstenesta fekk biskopen møta pensjonærane på Vaksdal sjukeheim og halda andakt til dei. Han fekk teke alle i handa og helsa på dei, og hadde ei fin stund saman med dei eldre.

Biskopen fekk også teke i augnesyn det nye kapell- og bårerommet ved sjukeheimen.

«Mylnæ»

Ein del av programmet på Vaksdal var omvising på Stormøllen. Normann Knutsen, biletet over, var ein engasjert omvisar. Han sette biskopen inn i mjøl- og makaroniproduksjonen. Biskopen fekk elles møta leiinga ved Stormøllen.


Foto: Svein Tøsse

Dagen på Vaksdal vart avslutta med kontorvisitas hjå kapellanen, der kyrkjebøkene vart inspiserte og underteikna.



Tilsette

Første visitasdagen vart avslutta med eit møte med fleire av dei kyrkjeleg tilsette, i Vaksdal, biletet til venstre. Dei som var til stades, fekk møte ein biskop som var oppteken av korleis dei opplever sin eigen arbeidssituasjon i kyrkjeleg samanheng.



Dale

Onsdag 4. mars fekk biskopen ha ein spørjetime med storskulen (5.-7. klasse) ved Dale skule. Han fekk også tid til å stikka som snarast innom dei andre klassane.

Deretter var det kontorvisitas ved kyrkjekontoret på Dale før ferda gjekk vidare til Dale A/S og Dale Garn & Trikotasje A/S (DGT).

På Dale A/S var det orientering om verksemda og omvisning i delar av produksjonen, biletet til venstre. Sokneprest Kvamsøe nytta også høvet til å retta ein takk til verksemda for stoffet til dei tre fine gravferdskappane som no er tekne i bruk. Stoffet er vassavstøytande og flammehemmande, og var ei gåve frå Dale A/S. Kappane er sydde hjå Modalen Systove. Frå Dale A/S fekk biskopen med seg boka om Dale fabrikk si søge, som kom ut i samband med fabrikkens sitt 100-årsjubiléum.

På DGT fekk biskopen mellom anna sjå ei mannekeng-oppvisning, der mange av dei flotte genser- og jakkemodellane til DGT vart synte fram. Biskopen fekk også med seg ein genser som minne frå Dale. Det vart og gjeve ei orientering om verksemda, og ei omvisning der biskopen fekk fylgja ulla frå den



Flotte «Dalereklamar»

Foto: Frode Kvamsøe



Biskop Hagesæther vert her kledd opp av Randine Sunde frå Dale Garn & Trikotasje A/S.

Foto: Svein Tøsse

kom til fabrikkjen, og til det var eit ferdig produkt. Både stadane fekk han og høve til å helsa på nokre av dei tilsette, biletet til høgje.

Foto: Svein Tøsse

Stamnes

Skulegudstenesta på Stamnes vart nok prega av at læraren som hadde førebudd denne gudstenesta, Anlaug Sandal, døydde torsdag i veka før visitasen. Elevane framførde det programmet dei hadde innøvd. Sandal, som har vore misjonær på Madagaskar, hadde mellom anna lært dei ein gassisk dans som dei framførde i kyrkja.



Kommunen

Seinare på onsdagen baud Vaksdal kommune inn til middag for biskopen med fylgje på BKK sitt kurscenter på Dale.

Der fekk biskopen mellom anna orientering om oppvekstvilkåra for barn og unge i Vaksdal kommune. Han fekk og med seg ei av bygdebøkene frå Bergsdalen

I si helsing til kommunen peikte biskopen på saker som er aktuelle i samarbeidet mellom kyrkja og kommunen.

Tone Synnøve Ø. Steinkopf og Ragnar Takvam sytte for taffelmusikk under middagen.

Sokneråda

Onsdagen vart avslutta med møte med sokneråda på Stanghelle bedehus.

Der vart Visitasmeldinga gjennomgått. Biskop Hagesæther spurde om korleis dåpsopplæringsplanen vart gjennomført i kyrkjelydane. Han var og inne på det høge gudstenestetalet i prestegjeldet. Ein


måte å halde oppe det talet, men samstundes redusere arbeidsbyrda til prestane, kan vere å nytte leke gudstenestehaldarar. Dei er personar som ikkje er ordinerte, men som held gudstenester utan dåp eller nattverd.

Stamvegen

Tordag 5. mars starta med eit møte om Stamvegen og trafikken på han. Det som stod på programmet var om korleis ein kunne sikra trafikantar og gåande betre. Mellom anna var tunnel ved Boge eit av dei tema som vart drøfta. Før møtet var det befaring på Boge, der mange frå bygda stilte opp med kaffi og vafler. Alle dei som var til stades fekk erfarar korleis det er å vere fotgjengar når lastebilane susar forbi. Med på møtet i Røde-Korshuset på Vaksdal var lensmann Kjell Baartvedt, distriktsleiar Sigfred Sivertsen frå vegkontoret på Voss, kommunelækjar Oddvar Dale, Arne Jensen frå kommunen si redningsteneste, og fylkessekretær Arne Aase frå Trygg Trafikk.

Røde Kors, Landsforeiningen for trafikkskadde og folk frå Boge var også med, saman med biskop, prost og dei lokale prestane.

Biskopen synte eit klårt engasjement i spørsmålet om trafikksikkerleiken, det sama gjorde prost Knutsen frå Voss, som delte nokre av sine erfaringar med det å ha Stamvegen gjennom prestegjeldet.




Dale / Bergsdalen

Torsdagen var også dagen for skulegudstenesta i Dale kyrkje. Heile Stanghelle skule var med, og dei av elevane ved Dale skule som ynskte å vera med. Elles var det ein god del andre til stades. «Regnbuen» sytte for korsong, og både store og små fekk ei fin stund i kyrkja.

Elevar dramatiserte forteljinga om den miskunnsame samaritan. Denne forteljinga var også med ved dei andre skulegudstenestene.

Frå Dale kyrkje gjekk turen til Bergsdalen kyrkje, biletet til høgje, der det var familie-gudsteneste og kyrkjekaffi. Her fekk biskopen ei av bygdebøkene frå Bergsdalen.

Foto: Frode Kvamsøe



Skulen

Torsdag var det også sett av tid til eit møte med rektorane ved skulane og tilsette ved skulekontoret.

Der vart det mellom anna teke opp korleis skulane skulle forhalda seg når barna sørgjer, og korleis ein kan gje ungdommar mot til å leva.

Vidare vart det orientert om kva planar skulane har når dødsfall rammar.



Daletunet

Om ettermiddagen torsdagen var det andakt ved Daletunet. Der var det godt framføre og biskop og pensjonærar fekk ei fin stund saman.

Der vart det servert gode snittar, og biskopen ba styrar Grete Solberg takk «Brimien» på kjøkenet for framifrå mat.

Ungdomsskulen

Fredag morgon var biskopen på Dale ungdomsskule der elevane fekk høve til å stilla han nokre av dei omlag 160 spørsmåla dei hadde førebudd.

På lærarrommet vart det etterpå tid til litt uformell drøys over ein kopp kaffi, og elevlaga vafles, biletet over.

Foto: Frode Kvamsøe

Fin Fest

Torsdags kvelden fekk frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane møta både biskop Hagesæther og kona hans, Else Liv.

På festen orienterte Olav Gammersvik om Stamnes som kyrkjestad. Minikoret, biletet til høgpre, under leiing av Anne Lise Vaksdal sytte for song, Ragnar Takvam og Tone Synnøve Ø. Steinkopf for musikk.

I talen på festen sa Hagesæther at me i alt kristent arbeid skal ha lov å ha draumar, men at me også måtte sjå på det me hadde og vera takksame for det.

Trygve Urhaug helsa frå dei fri-kyrkjelege i Vaksdal.

God mat, og ikkje minst godt sosialt samvær gjorde at det vart ein fin fest for alle.

Foto: Ragnvald Kringlebotten




Után mat og drikke duger heller ikkje bispeparet.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Under festen i Stamnes bedehus fekk biskop Hagesæther ei treskål frå Eidrun Straume Normann i Stamnes sokneråd. Ho sa mellom anna i helsinga si: «Me har blitt litt glad i denne biskopen vår».

Skåla er av morelltre og er laga av Karsten Stien.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Eksingedalen

Frå Dale bar det så over Nesheimsfjellet til Eksingedalen. Denne dagen låg Eksingedalen bada i sol, og det var godt framføre i Nesheim kyrkje.

På kyrkejcaffien etter gudstenesta, biletet under, fekk biskop og frue eit innblikk i Eksingedalen si historie. Sokneprest Kvamsøe hadde med ei helsing frå far hans, Olav, som ofte gjesta Eksingedalen medan han var prest i Arna.

-Far fortalde mykje om denne dalen, sa Hagesæther.

Med seg på vegen heimatt fekk dei varme tøflar som er laga i Eksingedalen, biletet til høgre.

Biskopen var også innom eit eldre ektepar på sin veg ned gjennom dalen og heldt ein andakt hjå dei.

Foto: Frode Kvamsøe



Ungdomar

Nedkomen frå dalen var det tid for å pakka saman før han skulle reisa til Bergen der han laurdagen skulle førebu visitaspreik og visitasføredrag.

Men først skulle fredagskvelden avsluttast saman med med ungdomar som var som var samla til natkafe på Vaksdal.

Visitas- gudsteneste

Denne innhaldsrrike visitasveka vart avslutta med gudsteneste i Dale kyrkje. Folk frå fleire stadar i Vaksdal kommune var samla, og i tillegg til biskopen var prost Knut Knutsen, Frode Kvamsøe og Bård-Egil Dyrhol med. Dale Mannskor deltok med song.

På festen i Dale bedehus fekk biskopen med seg helsingar.

Minikoret sytte for song, og på oppfordring frå bispefrua song Helen Lunde Stamnes og Ranghild L. Nordmark «Til ei lita jente» av Jakob Sande. Ho vart nok fasinert av den fine songen som ho også fekk høyra på Stamnes torsagskvelden.

På denne festen fekk Else Liv Hagesæther ei fin Dalejakke, og ho sa at no var dei begge levande «Dalereklamar» når dei var ute og reiste.



Biskop Hagesæther saman med prost Knut Knutsen, Bård-Egil Dyrhol og Frode Kvamsøe på kyrkjetrappa etter visitasguds-tenesta i Dale kyrkje.

Foto: Svein Tøsse

Takk

Alt i alt må me vel kunna seia at det var både fine og innhaldsrrike visitasdagar. Me rettar stor takk til både gjester og dei som sto på i kullissane.

R.K.

**OG HA FRAMFOR ALT
INDERLEG KJÆRLEIK
TIL KVARNADRE**

Felles høgtids- gudsteneste i Vaksdal kyrkje.

Dale og Vaksdal sokneråd har i samråd med prestane og kantorane vedtatt å prøve noke nytt denne påska. Det har synt seg at få går til gudsteneste på kyrkja sine store høgtidsdagar;

1. juledag, 1. påskedag og 1. pinsedag.

Visitagudstenesta 8. mars viste oss kva vi kan få til når vi samarbeider over soknegrensene. Vi vil derfor 1. påskedag halde felles høgtidsgudsteneste for Dale og Vaksdal sokn i Vaksdal kyrkje. Vi vonar denne gudstenesta vil vere starten på eit vidare samarbeid om dei store høgtidsdagane.

Det vi ønskjer er at det vert halde høgtidsgudstenester annankvart år i Vaksdal og annankvart år på Dale. Og at vi då samlast frå bae bygdene til felles festgudsteneste.

Kvifor?

Det ligg på mange måtar godt til rette for samarbeid mellom Dale og Vaksdal.

Det tek berre eit kvarters køy-ring mellom kyrkjene. Bae kyrkje- ne rommer mange, har god akku- stikk og gode orgel. Vidare er det på galleriet god plass til forsonga- rar, kor og musikarar. Dette gjer at vi har gode forutsetningar for å lage høgtid saman.

I staden for at vi samlast 30 i Vaksdal kyrkje og 30 i Dale kyrkje kan vi no 1. påskedag samlast

minst 60 i Vaksdal kyrkje for å fei- re Jesu oppstode.

Kyrkjeskys.

Det vil bli sett opp buss frå Dale og Stanghelle til Vaksdal.

For nærare opplysningar sjå pla- katar, Vaksdal Posten og Hordaland, eller ring kyrkjekonto- ret tlf. 56 59 61 20.

Forsangere søkes!!

I anledning fellesgudstjenesten mellom Vaksdal kirke og Dale kirke 1. Påskedag er det behov for forsangere. Denne dagen ønsker vi å markere på ordentlig vis slik at det virkelig kan bli en festguds- tjeneste. For å få dette til trenger vi et forsangerkor oppe på galleri- et. Hovedoppgaven blir å støtte og berike salmesangen gjennom 4-stemmige satser og diskanter til salmer og liturgiske ledd. Forsangerkoret møtes en time før gudstjenesten begynner dvs. kl 10.00. I tillegg blir det en øvelse tirsdag 7. april kl 19.30 - 21.30 i Vaksdal kirke.

Interesserte kan ta kontakt med kantor Olav Arne Steinkopf på tlf. 56 59 56 25 eller møte opp i Vaksdal kirke tirsdag 7. april kl 19.30!



Frå farne tider

Denne gongen tek me med litt om feiringa av Vaksdal kyrkje i 1958.

Vaksdal kyrkje

2. påskedag som i 1958 var 7. april vart det markert med fest- gudsteneste at det var 25 år sidan Vaksdal kyrkje vart vigsla i 1933.

Personalet i søndagsskulen had- de saman med speidarjenter stelt det fint til i kyrkja med blomar og flagg.

Sokneprest Olav Totland preika over Jesu fredshelsing til venene sine på sigersdagen - påskedag, og ynskte at Vaksdal kyrkje måtte fullføra oppgåva si som ein herold for den Guds fred som går over alt vit og som kan vara tankane våre i Jesus Kristus.


Totland sa også at den beste ju- bileumsgåva folket kunne gje var å mannjamt søkja til det vyrdelege og fine gudshuset når klokkene kalla til helg og høgtid.

Kyrkjetenar Karl S. Knutsen og medhjelpar Ole Blomdal fekk takk for innsatsen i alle desse 25 åra.

Blomdal var då langt opp i åra og fekk støtte i yngre krefter som Anfinn Trettenes og Johannes Helle.

Kona til kyrkjetenaren, Nelly Knutsen hadde vore til stor hjelp for mannen sin ved gudstenester, gravferder og andre kyrkjelege- handlingar.

Dei hadde ofte gjort langt ut over det dei var skuldige å gjera. Det er stort å ha slike medarbeida- rar, heiter det i stykket frå 1958.



Tru og truskap

Av konsulent Stein Mydske, Det Norske Bibelselskap.

Bibeltekst: Lukas 17, (5) 7-10:
«Apostlane sa til Herren: «Gjev oss meir tru!» Herren svara: «Hadde de tru som eit sennepsfrø, kunne de seia til dette morbærtreet: Reis deg opp og slå rot i havet! Og det skulle lyda dykk.

Om ein av dykk har ein tenar som er ute og pløyer eller gjæter, seier han då til han når han kjem heim frå marka: Kom og set deg til bords? Nei, han vil seia: Lag til kveldsmat åt meg, gjer deg så i stand og set fram for meg medan eg et og drikk. Sidan kan du sjølv få deg mat. Takkar han tenaren for at han gjorde som han var føresagd? Eg trur ikkje det. Såleis med

dykk óg. Når de har gjort alt de er føresagde, skal de seia: « Vi er uverdige tenarar og har berre gjort skylnaden vår».

«Gjev oss meir tru!» Burde ikkje Jesus vera sjeleglad for at læresveinane endeleg skjønna kva det heile handla om og ba om å få større tru? Ein annan gong hadde dei diskutert kven av dei som var den største. Og dei var tydeleg opptatt av kva slags løn dei skulle få i himmelen.

Men Jesus avviser spørsmålet deira og seier at det ikkje er storleiken på trua som tel, men korleis ho vert brukt. Ei såkalla stor tru kan lett bli eit utstillingsvindaug som vi brukar for å byggja vår eiga ære og skaffa oss posisjon i staden for å tena Gud og vår neste. Jamvel den minste tru er god nok og sterk nok til å flytta tre, seier Jesus med eit bilete i v. 6. Vi har fått tru som er stor nok, no vert det spurt etter truskap.

Mange kan berre oppleva at kyrkja er truverdig når dei møter kristne som lever slik dei lærer. Når Jesus gir oss trua som gåve, heilt ufortent, skal vi sleppa å vera så opptatt av oss sjølv, men meir opptatt av kvarandre. Trua frigjer oss til å visa truskap mot andre utan å tenkja på kva vi sjølv har igjen for det. Mange av oss har litt ekstra tid no i helga. Tid til å vitja einkvan som er ein-sam, ein blome eller ein telefon til menneske som treng oppmuntring, ein middags- eller kaffigjest som du lenge har tenkt å invitara, eit brev eller eit elektronisk postbrev til ein gamal ven, eit venleg ord til ein du ofte berre kjeftar på.

Eit gammalt ordtak lyder: «Gjerningane dine ropar så høgt at eg ikkje høyrer kva du seier. Gjerningane og livet er ofte viktigare enn alle orda. Mange gonger veit vi ikkje kva vi skal seia, då kan vi heller ikkje gjera noko.

Kyrkja er staden der vi skal få koma for å henta kraft og frimod til å tena. Der vert vi overauste med Guds gode gåver, får tilgjeving for alt som har gått gale, blir minna om at vi er Hans Folk, velsigna og utrusta til å tena. Ved utgangen av gudstenesta får vi først med velsigninga og dernest utgangsorta: «-Gå i fred og ten Herren med glede». Vi får trua og blir kalla til truskap.





På biletet ser me fv. Sondre Nesheim, Tore Lind og Monica Gullbrå som fekk «Godt Nytt» i Nesheim kyrkje 2. februar 1998.

Foto: Magnar Nese



På biletet ser me den nye altarduken i Eidsland kapell som vart vigsla 15. februar 1998.



**JESUS HAR SIGRA!
HAN SKAPER ALT NYTT!**

Rot i påskeorda

Sjå om du kan stokka bokstavane rett i desse orda som har noko med påske å gjera.

- OLGTAGA
- EJURLSAME
- LTPAISU
- APMELDSAUGN
- GTESEAMNE
- EEPTR
- OSDPTOPE
- PLARDISI
- KSJRÆRTODSGA
- ANLGRFEADG

Idrettsleiarar

Bibelskulen på Bildøy startar frå hausten opp med ei ny line som dei kallar «Bibel og idrett».

Lina skal drivast i samarbeid med Kristen Idrettskontakt, KRIK.

Rektor Johnn Hardang seier at lina har som mål å utdanna kristne ungdommar til å verta dugelege idrettsleiarar.

Basketball, teikninga til høgre kan vel kanskje vera ein av dei idrettane som kan vera aktuelle.

KPK



TAKK,

for kr. 720,- som kom inn i høve Den Internasjonale Kvinnebøne-dagen i Dale kyrkje 6. mars.

Kristne radioprogram på Internett

Norea Radio har no lagt ut informasjon med lydclip, program og andaktar på Internett, opplyser bladet Ungdom og Tiden.

Datamaskinar med lydkort kan ta inn andaktar slik at dei kan høyrast som eit vanleg radioprogram. Stipendiat Martin Haukedal i Norea har lagt programmet til rette. Det finst på adressa: www.norea.no

KPK

STATISTIKK

Me vil her ta med statistikk for Vaksdal prestegjeld for 1997. Tala i parantes er frå 1996.

Innmelde:	2 (1)
Utmelde:	1 (4)
Døypte:	50 (61)
Konfirmantar:	52 (48)
Giftarmål:	9 (8)
Gravferder:	56 (72)
Gudstenester:	142 (136)
Frammøtte:	8895 (9878)
Gjennomsnitt:	63 (73)
Familiegudst.:	19 (17)
Frammøtte:	1989
Offer:	171.839 (161.470)

SEKKEVED - BJØRK

Leverar på huset i heile Vaksdal. 40 l - 60 l sekk, 20 cm (kamin), eller 30 cm (peis/ovn). Utfører også grunnarbeid, muring og mindre veganlegg m.m..
Tlf. 56 59 58 11,
Aage Lavik.





MEDLEMSFORDELER



kjøpeutbytte

DALE HANDELSFORENING
 avd. Dale 56 59 61 01
 Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02
 Avd. Stanghelle 56 59 50 35

ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE

**SNEKKER
 KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Nye Dale

5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40
 Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
 middag og pizza til alle anledninger.
 NB! Vær tidlig ute med

Trelast og byggevarer

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70

**PETERSEN & YPSØY AS**

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping
 Tlf. 56 59 61 58
 Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto
 i 2. høgda Dale Handelsforening
 tlf. 56 59 79 80

Salg av nye og brukte biler
 Service alle bilmerker
 Karosseri og lakk
 Bilbergning



NISSAN

**DALE BIL AS**

TLF 56 59 60 89 - FAX 56 59 60 04
 BOKS 124 - 5280 DALEKVAM

Har du gløymt noko til påske?

Me har:

- * Solkrem * Skismørning
 - * Solbriller * Påskesnacks
- Hugs Propan!

Gode tilbud på sommardekk

DALE AUTO SERVICE AS

Postboks A, 5280 Dalekvam
 Tlf. 56 59 66 35

**INDIVIDUELL
 PENSJONSSPAREAVTALE**

Har du råd til å bli pensjonist?
 Fast sparing i IPA gjev større pensjon
 og store skattefordelar.

SpareBank 1 Vest



SLEKTERS GANG

DØYPTE




DALE

08.02 Robert Grensberg
15.03 Sindre Johannes Skorpen
Kvamme, døypt i Os kyrkje

VAKSDAL

01.02 Malene Aga
01.03 Kristina Boge
15.03 Malin Stavens
15.03 Jonas Bakke Amundsen



AVLIDNE



DALE


28.01 Solveig Alfrida Lid, f.1914
08.02 Jonas , f.1998
21.02 Didrik Malvin Rønhovde, f.1911
22.02 Lars Lyngmo, f.1976
24.02 Johanne Pauline Oettel, f.1907
1.03 Arthur Reigstad, f.1931

VAKSDAL

27.01 Borghild Bjørsvik, f.1921
08.02 Magnar Oliver M Bruvik, f.1908
19.02 Ingvald O. Sæterdal, f.1908

STAMNES

13.02 Ragna Kalstad, f.1915
20.02 Johannes Viland, f.1918
26.02 Annlaug Jorunn Sandal, f.1933



Biskop Ole D. Hagesæther held visitasføredrag i Dale kyrkje like ettervisitasgudstenesta 8. mars.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



VELKOMEN TIL KYRKJE



5.april - Palmesøndag

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den norske Sjømannsmisjon. Song av «Regnbuen»

NESHEIM kl.11. Familiegudsteneste. Prostiprest Larsen. Offer til Kirkens Nødhjelp.

BERGSDALEN kl.12.30 Sportsandakt i Bergsøyane. Kvamsøe.

9.april - Skjærtorsdag

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

EIDSLAND kl.17. Prostiprest Larsen. Nattverd.

10.april - Langfredag

DALE kl.10.30 Orgelresitasjon v/kantor Steinkopf.

DALE kl.11. Pasjonsgudsteneste v/Kvamsøe.

STAMNES kl.18. Pasjonsgudsteneste v/Dyrhol.

EKSINGEDALEN kl.20. Pasjonsgudsteneste v/Dyrhol.

12.april - Påskedag

VAKSDAL kl.11. Høgtidsgudsteneste v/Dyrhol. Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjon.

BERGSDALEN kl.20. Høgtidsgudsteneste v/Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

13.april - 2.påskedag

STAMNES kl.11. Høgtidsgudsteneste v/Dyrhol. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

19.april - 1.søndag etter påske

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Bymisjon i Bergen.

Torsdag 23.april

DALE kl. 18. Samtalegudsteneste v/ Kvamsøe og konfirmantane.

VAKSDAL kl. 18. Samtalegudsteneste v/Dyrhol og konfirmantane.

26.april - 2.søndag etter påske

EIDSLAND kl.11. Konfirm.gudst. v/Dyrhol. Offer til Fagertun leirstad.

STANGHELLE kl.18. Dyrhol. Offer til Radio Vaksdal.

Tysdag 28.april

STAMNES kl.18. Samtalegudst. v/Dyrhol og konfirmantane.

1.mai - Offentleg høgtidsdag

VAKSDAL kl. 9.30 Kvamsøe. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

DALE kl.11. Kvamsøe. Offer til Åpne Dører ved Broder Andreas.

3.mai - 3.søndag etter påske

DALE kl.11. Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Dale sokneråd.

VAKSDAL kl.11. Konfirmasjonsgudsteneste. Dyrhol. Offer til Vaksdal Kristelege Ungdomslag.

10.mai - 4.søndag etter påske

STAMNES kl.11. Konfirmasjonsgudsteneste. Dyrhol. Offer til Fagertun leirstad.

17.mai - 4.søndag etter påske

TID OG STAD ER IKKJE KLART

21.mai - Helgetorsdag

VASSBAKKENSTEMNA kl.11. Kvamsøe og Dyrhol.

24.mai - 6.søndag etter påske

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

NESHEIM kl.16. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Frelsesarméen.

ORGELRESITASJON I DALE KYRKJE

Langfredag kl.10.30

Kantor Olav Arne Steinkopf spelar verk av C. Franck, J.S. Bach m.fl. før pasjonsgudstenesta.

